



MØTEPROTOKOLL

Utval:	Levekårsutvalet
Møtedato:	19.02.2026
Møtetid:	09:00 - -12:30
Møtestad:	Kommunehuset, Sætremarka 2, Møterom Børilden

Frammøtte faste medlemmer

Namn	Rolle	Parti	Merknad
Per Lerøy	medlem	AP	
Terje Håland	leder	AP	
Bjarte Næss	medlem	SP	
Renee Hansen Semmingsen	medlem	SAM	
Linda Brandtun	medlem	U	
Helge Dyrkolbotn	medlem	U	

Faste medlemmer som ikkje møtte

Namn	Rolle	Parti
Lisbeth Oen	MEDL	U

Frammøtte varamedlemmer

Namn	Rolle	Parti	Merknad
Oscar Føyen		H	

Følgjande frå administrasjonen møtte:

Ketil Tjore	møtesekretær
Britt M. Skålevik Lerøy	kommunedirektør
Trine Merete Jansen	kommunalsjef
Kari Torkildsen Utkilen	einingsleiar kultur

Møteprotokollen vert publisert på kommunen si nettside. Den er mellombels godkjent av utvalsleiar eller ordførar i etterkant av møtet, og vert endeleg godkjent i neste møte.

Ketil Tjore, møtesekretær

Sakliste

Saksnummer	Sakstittel	Unntak frå innsyn
PS 2/2026	Godkjenning av innkalling og sakliste	
PS 3/2026	Godkjenning av møteprotokoll - frå Levekårsutvalet 1. desember	
OS 1/2026	Orienteringssak - Imtec og Årås skule	
OS 2/2026	Orientering om turstiar/turvegar i Austrheim	
OS 3/2026	Orienteringssak - Levekårsutvalet 19. februar	
PS 4/2026	Ny rammeplan for kulturskulen - Kulturskule for alle	
PS 5/2026	Eigenevaluering av Levekårsutvalet og medverknadsråd	

PS 2/2026 Godkjenning av innkalling og sakliste

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:
Innkalling og sakliste vert godkjent

Sak 2/2026 Godkjenning av innkalling og sakliste
Levekårsutvalet - 19.02.2026

Handsaming:

Møtesekretæren beklaga at nummerrekkefølga for politiske saker starta på 2 og ikkje 1. Den første saka har forsvunne i systemet i samband med at januar-møtet vart avlyst.

Per Lerøy og Renee Semmingsen etterlyste saka om helse- og omsorgstun. Utvalsleiar Terje Håland sa at dette kan ein diskutera nærare under sak 3/2026 - godkjenning av møteprotokoll frå Levekårsutvalet 1. desember.

Utvalsleiar Terje Håland refererte framlegget til vedtak.

Handsaming i møtet:
Samrøystes for kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak.

Vedtak i sak 2/2026 Godkjenning av innkalling og sakliste
Levekårsutvalet - 19.02.2026

Innkalling og sakliste vart godkjent

PS 3/2026 Godkjenning av møteprotokoll - frå Levekårsutvalet 1. desember

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:
Møteprotokollen frå 1. desember vert godkjent.

Sak 3/2026 Godkjenning av møteprotokoll - frå Levekårsutvalet 1. desember
Levekårsutvalet - 19.02.2026

Handsaming:

Terje Håland viste til det vedtaket utvalet gjorde i møtet 1. desember, i sak 46/2025. Styringsgruppa ba der om at kommunestyret vedtek å bestilla vidare informasjon og kostnadsanslag frå Sweco om ulike punkt i prosjektet med nytt helse- og omsorgstun. Dette vart nedstemt i kommunestyret, med 9 mot 8 røyster.

Håland har snakka med kommunalsjef Rosenlund om saka, og fått svar om at administrasjonen jobbar med eit saksgrunnlag for handsaminga av den sist leverte rapporten frå konsulentverksemda Sweco, som leverer tenester i saka om nytt helse- og omsorgstun. Håland har blitt forsikra frå administrasjonen om at utvalet som styringsgruppe skal få tilstrekkeleg med tid til å handsama saka før den skal vidare til kommunestyret.

Per Lerøy sa at han hadde venta meir informasjon frå kommunalsjefen for dette feltet i dei siste to møta, meiner det burde vore prioritert høgare å møta her. Lerøy sa vidare at det som var uttalt i kommunestyret den 11/12 om grunneigar sin vilje til å gje kommunen handgjevingsavtale for å bruka det aktuelle arealet ved Austrheimhallen til helse- og omsorgstun, ikkje stemmer med den sjekken Lerøy sjølv har tatt med grunneigar. Det grunneigar har uttalt til Lerøy, er at han ikkje ønskjer å gje landbruksareal til den turstien som ligg inne i kommunale planar. Lerøy sa at det er uheldig at kommunestyret har fått denne informasjonen, som kan ha påverka avstemminga som var 9 mot 8 for Levekårsutvalet si bestilling. Lerøy la til at han ikkje ønskjer at ein tek opp att denne saka i kommunestyret.

Helge Dyrkolbotn sa at det må vera enkelt for kommunen å få ein skriftleg avtale med grunneigar om bruken av dette arealet, Lerøy kommenterte at dette er nettopp det utvalet har bestilt frå administrasjonen.

Terje Håland sa at det er gitt tilbakemelding til administrasjonen om at arbeidet til styringsgruppa må takast på alvor, og at Håland som leiar må orienterast straks noko er klart. Håland sa at han skal halda oppe dialogen med administrasjonen, og halda medlemmene informerte.

Renee Semmingsen sa at det er bra om det som vert lagt fram til handsaming er gjennomarbeidd, og at det ikkje er hastverk i dette.

Utvallsleiar Terje Håland refererte framlegget til vedtak.

Handsaming i møtet:

Samrøystes for kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak.

Vedtak i sak 3/2026 Godkjenning av møteprotokoll - frå Levekårsutvalet 1. desember
Levekårsutvalet - 19.02.2026

Møteprotokollen frå 1. desember vart godkjent.

OS 1/2026 Orienteringssak - Imtec og Årås skule

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:
Levekårsutvalet tek orienteringa til vitande

Sak 1/2026 Orienteringssak - Imtec og Årås skule
Levekårsutvalet - 19.02.2026

Handsaming:

Kommunalsjef Trine Merete Jansen orienterte om saka, jamfør saksutgreiinga, og ein presentasjon som er sendt ut til medlemmene i utvalet i etterkant av møtet.

Det vert også orientert om saka i kommunestyret same dag.

Utdanningsforbundet har komme med spørsmål kring lærarnormen, her har Jansen svara ut. Både spørsmålet og svaret er oversendt til medlemmer og varamedlemmer i utvalet.

Utvalsleiar Terje Håland refererte framlegget til vedtak.

Handsaming i møtet:

Samrøystes for kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak.

Vedtak i sak 1/2026 Orienteringssak - Imtec og Årås skule
Levekårsutvalet - 19.02.2026

Levekårsutvalet tok orienteringa til vitande.

OS 2/2026 Orientering om turstiar/turvegar i Austrheim

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:
Levekårsutvalet tek orienteringa til vitande

Sak 2/2026 Orientering om turstiar/turvegar i Austrheim
Levekårsutvalet - 19.02.2026

Handsaming:

Kari Torkildsen Utkilen orienterte om turstiar og turvegar, og det arbeidet som er gjort i samband med "Temaplan Fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv 2025 – 2035". Planen er vedteken av Austrheim kommunestyre i møte 11. desember 2025, som sak 109/2025. Utkilen orienterte om planen slik den er presentert på nettsida, sjå lenke: Temaplan fysisk aktivitet idrett og friluftsliv Del 1 og Del 2 - oppdatert etter vedtak

Fleire medlemmer i utvalet peika på at det er viktig å leggja til rette for parkering knytt til ulike turstiar. Utkilen noterte seg dette.

Utvalsleiar Terje Håland refererte framlegget til vedtak.

Handsaming i møtet:
Samrøystes for kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak.

Vedtak i sak 2/2026 Orientering om turstiar/turvegar i Austrheim
Levekårsutvalet - 19.02.2026

Levekårsutvalet tek orienteringa til vitande.

OS 3/2026 Orienteringssak - Levekårsutvalet 19. februar

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:
Levekårsutvalet tek orienteringa til vitande

Sak 3/2026 Orienteringssak - Levekårsutvalet 19. februar
Levekårsutvalet - 19.02.2026

Handsaming:

Kommunedirektør Britt Skaalevik Lerøy orienterte om det pågåande arbeidet med bemanningskartlegging, som er tenkt å føra til omstilling og ev. nedbemanning. Arbeidet er eit resultat av at det er meirforbruk både i 2024 og 2025, samt at det budsjettet som er vedteke for 2026 tilseier at kommunen må redusera talet på tilsette. Er oppteken av at dette arbeidet vert gjort skikkeleg, samstundes som ein må avklara det så raskt som mogleg av omsyn til dei tilsette.

Bakgrunnen for den økonomiske situasjonen er mellom anna at det har komme ekstra utgifter, som pensjon, og at skatteinngangen ikkje har vore slik som føresett.

Per Lerøy oppmoda til at ein brukar administrasjonsutvalet aktivt i dette arbeidet. Trepertssamarbeidet har ein viktig funksjon i ei nedbemanning. Lerøy sa vidare at ein må sjå på at det er så stort avvik mellom tal tilsette og stillingsheimlar, for å få fleire opp i full stilling. Om fulle stillingar sa kommunedirektør Lerøy dette er noko kommunen jobbar med. Også viktig å vera klar over at talet tilsette ikkje er eit heilt presist bilde, sidan det er ulike former for løn og støtte som er inkludert i dette talet for kor mange tilsette det er i kommunen.

Utvalsleiar Terje Håland ba om at Levekårsutvalet vert orientert vidare i dette arbeidet utover året, med tanke på at dette utvalet femner om dei største områda for tenestene kommunen leverer.

-

Kommunalsjef Trine Merete Jansen orienterte om status for mottak av flyktningar som har komme dei siste åra. Presentasjonen er sendt ut til medlemmene i etterkant av møtet.

Utvalsleiar Terje Håland refererte framlegget til vedtak.

Handsaming i møtet:

Samrøystes for kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak.

Vedtak i sak 3/2026 Orienteringssak - Levekårsutvalet 19. februar
Levekårsutvalet - 19.02.2026

Levekårsutvalet tok orienteringa til vitande

PS 4/2026 Ny rammeplan for kulturskolen - Kulturskule for alle

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Kommunestyret vedtek den nye nasjonale rammeplanen for kulturskolen («*Kulturskole for alle*», 2025) som lokalt styringsdokument for Austrheim kommune

Sak 4/2026 Ny rammeplan for kulturskolen - Kulturskule for alle
Levekårsutvalet - 19.02.2026

Handsaming:

Utvalsleiar Terje Håland orienterte om saka, jamfør saksutgreiinga.

Fleire av medlemmene i utvalet viste til at kulturskolen er eit veldig godt tilbod for mange, og er i ei veldig god utvikling vidare.

Utvalsleiar Terje Håland refererte framlegget til vedtak.

Handsaming i møtet:

Samrøystes for kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak.

(Oscar Føyen var ikkje tilstades under vedtak av denne saka)

Vedtak i sak 4/2026 Ny rammeplan for kulturskolen - Kulturskule for alle
Levekårsutvalet - 19.02.2026

Kommunestyret vedtek den nye nasjonale rammeplanen for kulturskolen («*Kulturskole for alle*», 2025) som lokalt styringsdokument for Austrheim kommune.

PS 5/2026 Eigenevaluering av Levekårsutvalet og medverknadsråd

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Råd og utval kjem med eigenevaluering i samband med oppstart av arbeidet med revidering av politisk reglement.

Sak 5/2026 Eigenevaluering av Levekårsutvalet og medverknadsråd

Levekårsutvalet - 19.02.2026

Handsaming:

Per Lerøy oppfordra til å laga ei tidslinje for dette evalueringsarbeidet, og at ein tek sikte på at dette er avklart i løpet av 2026, med tanke på at kommunestyret så kan avklara saka i tide før nominasjonsprosessar og arbeidet fram mot kommunevalet i 2027.

Terje Håland oppfordra til å sjå evalueringa opp mot det arbeidet som vart gjort i kommunestyret før etablering, der det var oppe ulike framlegg, alt frå å ikkje ha utval i det heile, til å ha tre utval.

Helge Dyrkolbotn sa at ein i dette arbeidet også må sjå på korleis administrasjonen har jobba inn mot dette utvalet.

Renee Semmingsen etterlyste at dette utvalet burde fått meir grundige orienteringar på eit tidlegare tidspunkt enn i kommunestyret, slik at dei som er med i Levekårsutvalet rekk å jobba med sakene før det skal handsamast vidare.

Terje Håland ba om at medlemmene i utvalet kjem med tilbakemeldingar fram til neste gong denne saka kjem opp, slik at ein har noko å diskutera konkret rundt, alt i frå tal medlemmer til korleis utvalet skal samansettast. Så kan ein jobba vidare med dette, anten i neste møte eller seinare.

Håland sa at i neste møte vil nok nytt helse- og omsorgstun vera ei viktig sak, slik at dette med evaluering neppe er tid til å ta der.

Utvalsleiar Terje Håland refererte framlegget til vedtak.

Handsaming i møtet:

Samrøystes for kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak.

Vedtak i sak 5/2026 Eigenevaluering av Levekårsutvalet og medverknadsråd
Levekårsutvalet - 19.02.2026

Levekårsutvalet jobbar vidare med eigenevalueringa, og kjem tilbake til saka i eit seinare møte våren 2026.